

# HFF

## HANDBALL- FESTIVALEN PÅ STORD 2010



ERIK KJEM,  
KJEM DU?



EMMA OG FREDRIK  
AVLEGG EIDEN



MØT OPP OG SJÅ FESTIVAL-  
OPPTOGET, LAURDAG 22. MAI!  
DET STARTAR FRÅ LEIRVIK SKULE  
KL. 11.30, OG ENDAR OPP PÅ TORGET.



# Velkommen TIL DEN 21. HANDBALLFESTIVALEN!

Endelig er pinsen her, og det er tid for den 21. Håndballfestivalen på Stord. Vi er en stor gjeng som har jobbet med arrangementet helt siden i høst, og vi har gledet oss lenge til denne helgen.

Nå samles rundt 170 lag fra hele vestlandet på Stord. Først og fremst for å spille håndball, men også for å delta på alle de andre aktivitetene festivalen har å by på. Når vi leser tilbakemeldingene fra tidligere år er det nemlig ikke kun håndballen som gjør festivalen så populær, men også de mange andre tilbudene deltakerne får. Vi kan nevne hesteholding, kanopadling, svømming og nytt av i år: fun balls. Som i fjor vil vi også arrangere festivalkonsert med kjente artister, noe vi vet mange har gledet seg til.

Idretten er organisert slik at mye av arbeidet gjøres på dugnad.

Denne helgen skal det jobbes mange tusen dugnadstimer for at vi skal være sikre på at alle får mat, at alle kampene går som de skal og at det ser rent og ryddig ut når vi er ferdige. De frivillige gjør en fantastisk innsats, så gi de gjerne en klapp på skulderen når du går forbi!

Maten på håndballfestivalen får vi alltid mye skryt for, og det blir spennende når vi skal servere 1600 porsjoner med taco på lørdag. De voksne blir ivaretatt i vårt eget gourmettelt, hvor vi også i år har satt opp en spennende festivalmeny.

Jeg vil benytte anledningen til å takke alle som stiller opp denne helgen, og bidrar til å gjøre dette arrangementet så enestående og flott. Det være seg alt fra leverandører som gir oss gode betingelser på innkjøp til de som sitter nattevakt på skolene. Uten

dere kunne vi aldri gjennomført festivalen så bra som vi gjør det i dag.

Nå krysser vi fingrene for at værgudene er med oss denne gangen også, og jeg håper alle får en uforglemmelig helg her på sommerøya Stord.

Måtte det beste laget vinne - lykke til!

*Sportslig hilsen*  
**Didrik Launes**  
Festivalleder



EIENDOMSMEGLER VEST

FRENDE FORSIKRING

NORNE SECURITIES

KYTE NÆRINGSMEGLING

VI STYRKJER IDRETTSMILJØET DER DU BUR



NordicPhotos

## Eg skal bli like god som Håvard Tvedten! ... eller verdas beste brettøyrrar

Vi trur at barn og unge kan bli kva dei vil, dersom dei får sjansen til å finne talentet sitt og lidenskapen sin. Vestlandet har eit variert og godt idrettsmiljø, og det er vi stolte av. Skal miljøet vidareutviklast og rekrutteringa sikrast, må vi satse breitt.

Sparebanken Vest er den lokale storbanken på Vestlandet med over 63 filialar i by og bygd.

For oss er det viktig å kunne bidra til eit allsidig idrettsmiljø på Vestlandet med det vi er gode på: lokalkunnskap, økonomi og langsiktig tenking.

Kven veit, kanskje får vi ein ny Håvard Tvedten om ikkje så lenge?

**Vi er herfrå. Det gjer ein forskjell.**

 SparebankenVest  
– satsar på Vestlandet

# Emma og Fredrik avlegg eiden



Det er to modige handballspelarar som skal avlegga eiden framfor folkehavet på Torget: Emma Hinderaker Pedersen og Fredrik Loftheim. Foto: Vidar Hope

Det vil vera fleire tusen personar på Torget når Emma og Fredrik avlegg eiden på Handballfestivalen.

- Det høyses litt skummelt ut med så mykje folk. Eg er litt nervøs, seier Emma Hinderaker Pedersen (9).

Saman med klassekamerat Fredrik Loftheim (10) frå Leirvik skule avlegg ho eiden under opninga av den 21. handballfesten.

Dei to skal minna spelarar, trenarar og publikum om spelereglane. Sjølv spelar dei både handball og fotball. Fredrik har vore med på handballfestivalen før.

- Det beste er at me får spela mange kampar, men eg ser fram til konserten og, seier han.

Emma har spelt handball i halvanna år og deltek for første gong på festivalen. Ho gler seg til handballhelga startar. Dei to spelar på Stord J10 og Stord G10. Begge to følgjer med

på Stord sitt elitelag og begge har sine favorittspelarar.

- Det må bli Didrik (Launes), men han tel vel ikkje sidan han har lagt opp, spør Fredrik.

- Favoritten min er Mikael (Søgaard Andersen), seier Emma. Den danske keeperkjempa jobbar på Leirvik skule og er naturleg nok helten til mange unge handballspelarar på Stord.

Emma og Fredrik skal vera førebilete for alle deltakarane under festivalen, og som representant for spelarane, lovar dei å følgja reglane gjennom heile festivalen. Dei synestdet er stas å få det ærefulle oppdraget. Men det er litt skummelt og.

- Eg har ikkje snakka framfor så mange folk før. Den største folkemengda var i gymsalen på skulen, fortel Emma som snart fyller ti år.

- Men eg trur det skal gå bra, legg ho til og får støtte av Fredrik.

*Eg  
Eiden*

Som representant for spelarane, lover eg under Handballfestivalen

- Å spela så godt eg kan
- Å oppmuntra medspelarane mine
- Å vise respekt for dommarane
- Å rette meg etter leiarane
- Å ta avstand frå alle former for doping
- Å kjempa med fair play

Eg lovar:

- Å tola å tapa
- Å tola å vinna



Handballinteressa er stor hos familien Nyhammer på Ådland.- Det er trygt å ha mamma med under kampene, seier Øyvind Nyhammer. Foto: Vidar Hope

# Øyvind NYKOMMAR

Han var ein av Stord sine viktigaste spelarar i serieinnspurten. 22-åringen Øyvind Nyhammer har fått handballtalentet sitt gjennom morsmjølka.

Bakspelaren har blitt ein publikumsfavoritt på Stord etter at han endeleg fekk tillit på elitelaget. Dei siste månadane av sesongen bøtta ungguten på med mål for kvitskjortene, anten det var europacup eller seriekampar.

#### Gira på neste sesong

Men balltalentet frå Ådland mister ikkje bakkekontakt av den grunn. Den sindige ingeniørstudenten har

eit år att av kontrakten med Stord handball.

- Eg tenkjer ikkje på noko proffkarriere no. Først skal eg fullføra mine to siste år på skule i Haugesund. Men så gler eg meg skikkeleg til sesongen startar igjen. Eg trur me vil stilla med eit skikkeleg sterkt lag til seriestart, seier han.

Saman med mamma Anne-Marie er han ute i kveldssola i hagen på Ådland. Anne-Marie har vore aktiv handballspelar gjennom fleire år i Stord og Os sine handballgrupper. I dag er ho framleis aktiv. Når sonen skyt fart mot mål i Stord sportssenter, står mor

*Det er kanskje nokre som vil leggja presse på meg, men eg er framleis ung og urutinert*

og kryssar fingrar på benken.

- Eg tenkjer ikkje så mykje over at ho er med i trenarapparatet. Foreldra mine har alltid stilt opp. Det er trygt å ha henne der, men eg skulle greidd meg utan ho, seier Øyvind.

- Me har klare avtalar. Tilbakemeldingar etter kampen tek me ikkje der og då, men seinare, smiler mor.

#### Måtte velja grein

Men sjølv med ei handballmor var det ikkje opplagt at Øyvind skulle bli handballspelar. Pappa Arve har vore kaptein på Stord sitt fotballag. Lenge såg det ut til at Øyvind skulle gå i sin far sine fotspor. For to år

sidan var han målvakt for Stord sitt lag som den gong spelte i 3. divisjon. Medan han gjekk på idrettslinja på Stord vidaregåande skule måtte han til slutt velja kva han skulle satsa på.

- Batteriet hans var nesten tomt. Me såg at han ikkje kunne satsa på begge deler. Han valde fotball og har difor mista eit par viktige år med handball, seier ein engasjert Anne-Marie.

Ho har vore med damelaget til Stord som hjelpetrenar i tre år. Handballmora har òg fylgt stordherrane tett sidan Bjarte Salomonsen tok over leiaransvaret i vinter. Det var på same tidspunkt Øyvind fekk tillit. No har han tenkt å halda på plassen sin.

- Me hadde ein god sesongavslutning, og eg trur det kan bli endå betre til neste år no når me får ei god sesongoppkøyring med Bjarte i sjefsrollen, seier ingeniørstudenten.

- Bjarte er ein utruleg dyktig trenar som veit kva han vil, legg mamma Nyhammer til.

#### Rosar dei eldste

Ho ser klare skilnader mellom herrelag og damelag i handball.

- Mykje er likt, men gutane er nok meir sjølvstendige, direkte og målbevisste. Jenter likar godt å diskutera ting. Det bur mykje godt i laget me har no, men det gjeld å trykka på dei rette knappane, fortel ho.

I trenarteamet er og Øyvind sitt søskenbarn, kiropraktoren Olve Nyhammer. Også søstera Lisa har vore ein viktig spelar i stordhandballen. Øyvind er ikkje redd for at heimepublikummet skal leggja for stort press på han.

- Det er kanskje nokre som vil leggja presse på meg, men eg er framleis ung og urutinert. Det flotte med dette laget er at dei eldste er flinke til å løfta oss unge opp, seier Øyvind og nemner Rune Skjærvold som ein av dei.

Øyvind Nyhammer blei kåra til årets unge spelar i Stord i 2009/2010-sesongen.



# Konsert SØNDAG

Søndag kveld under Handballfestivalen blir det konsert med kjente artister som Samsaya, Robin og Bugge og Tommy Fredvang.


Samsaya



Robin og Bugge



Tommy Fredvang



Sjå nyheter på [www.fylkesnesbil.no](http://www.fylkesnesbil.no)



Peugeot 5008



Mercedes E-klasse



Peugeot 3008

Norges beste bilutvalg!



Mitsubishi Outlander

**FYLKESNES BIL AS**



TELF. 53 40 40 40  
Heiane, 5412 STORD



Mercedes-Benz



MITSUBISHI MOTORS



PEUGEOT

**GROV ELEKTRO**

Eldøyane Næringspark, Bygg 31 Tlf. 53 40 30 80  
Pb. 116, 5401 Stord


[www.grovelektro.no](http://www.grovelektro.no)

## HANDBALL FESTIVALEN

## STORD IDRETTSLAG

## BANE Nr.


1. Nye hallen
2. Gamle hallen
3. Racket hallen
4. Kunstgras
5. Kunstgras
6. Kunstgras
7. Kunstgras
8. Kunstgras
9. Kunstgras
10. Kunstgras
11. Kunstgras
12. Kunstgras
13. Kunstgras
14. Skeisebane
15. Skeisebane
16. Skeisebane
17. Skeisebane
18. Tennisbane
19. Tennisbane



## INFO Aktivitet etc. (A)

- A. Sekretariatet
- B. Kantine
- C. Samling tog til torget  
Leirvik skule
- D. Førstehjelp
- E. Buss stopp
- F. Grillfestplass
- G. Kanopadling
- I. Sand volleyball
- K. Oppstilling  
premieutdeling
- L. Hesteridning
- M. Basseng,  
Stord kulturhus
- P. Parkering
- W. Wartsila Sene  
Talentiade/konsert
- H. Funballz
- S. SKL Mattelt

## OVERSIKTSKART



## HANDBALLFESTIVALEN 2010, STORD

STEMNEKONTOR/  
SEKRETARIAT

Stemnekontoret er i nye hallen, innafor sjølve hallen. Kontakt oss om store eller små problem.

Turneringstelefon: 53 40 09 90

VIKTIG OM KAMP-  
OPPSETTET

Siste versjon av kampoppsettet/resultatene er tilgjengelig på heimesida [www.handballfestivalen.no](http://www.handballfestivalen.no). Under festivalen vil resultatene bli vist på skjermer i Nyehallen

## PROTEST

Dersom det skulle bli nødvendig å protestera, må protesten skriftleg inn til stemnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr: Kr. 500.

## TURNERINGSREGLEMENT

Under kampene gjeld NHF sitt kampreglement for turneringar. NB! Aktivitetsserie G/J 10-11 spelar med 6+1 spelarar. Minihåndball 3+1 spillere.

## PULJER/SPELESYSTEM

Speletid: J/G 10-14: 2 X 10 minutt, J/G 15-17: 2 X 15 minutt. Innleiande serie der dei beste går til A-sluttspel og resten til B-sluttspel (I nokon klassar er det kun A-sluttspel.).

PULJERESULTAT/  
CUPRESULTAT

Ved poenglikhet i puljespel skal rekkjefølgja avgjerast slik:

- 1) Innbyrdes kamp Om meir enn to lag har likt antall poeng blir det "ny" tabell for desse laga.
- 2) Målskilnad innbyrdes kampar
- 3) Flest scora mål i innbyrdes kampar
- 4) Målskilnad alle kampar i pulja
- 5) Flest scora mål alle kampar i pulja
- 6) Loddtrekning.

Eit lag må spela alle innleiande kampar for å komma til A-sluttspellet. Lag som spiller med dispensasjon er merket \*\* i kampoppsettet, og ender sist i puljespelet. Dei får spela første kamp i B-sluttspellet, men vil uansett tape denne kampen.

I sluttspellet skal «første målet vinner» brukast ved uavgjort resultat etter ordinær tid. I sluttspellet kan speleforlenginga bli inntil 5 minutt ved fortsatt uavgjort resultat. Dersom stillinga er uavgjort etter 5 minutt speleforlenging vert kampen avgjort med myntkast.

I finalane vert det spelt «første målet vinner» inntil kampen er avgjort.

Ved uavgjort resultat etter ordinær tid i sluttspellet vert det brukt loddtrekking for å avgjera kva for

lag som skal starta med ballen når det skal spelast "første målet vinner".

LAGET SOM STÅR FØRST I  
KAMPOPPSETTET

Startar med ballen, startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

PREMIERING TIL BESTE  
KLUBB

10.000 til beste klubb etter ein spesiell poengskala. 5 000 til nr 2. Pengepremien kan ikkje STORD vinna. J/G-9-10-11 er ikkje med konkurransen.

Klassar med fleire enn 20 lag:

Vinnar A-sluttspel:	8 p
Toar A-sluttspel:	6 p
Vinnar pulje:	4 p
Tapar semifinale A-sluttspel:	3 p
Vinnar B-sluttspel:	2 p
Toar B-sluttspel:	1 p

Klassar med 10-20 lag

Vinnar A-sluttspel:	6 p
Toar A-sluttspel:	4 p
Vinnar pulje:	3 p
Tapar semifinale A-sluttspel:	2 p
Vinnar B-sluttspel:	1 p

Klassar med mindre enn 10 lag	10 lag
Vinnar A-sluttspel:	4 p
Toar A-sluttspel:	2 p
Trear A-sluttspel:	1 p

## FAIR-PLAY

Under finalekampane måndag blir det delt ut Fair-play pokal til klubben med best oppførsel.

## BANER

- 1 Nyehallen
- 2 Gamlehallen
- 3 Rackethallen.
- 4-13 Kunstgraset
- 14-17 Skeisebanen
- 18 Tennisbanen

## BESTE KLUBB HISTORIKK

- 1990: Giv-Akt
- 1991: Åkra
- 1992: A.I.L./Bjørnar
- 1993: Tertnes
- 1994: Brønnaldalen
- 1995: Tertnes
- 1996: Bjørnar
- 1997: Bjørnar
- 1998: Bjørnar
- 1999: Kjøkkelvik
- 2000: Kjøkkelvik
- 2001: Bjørnar
- 2002: Kjøkkelvik
- 2003: Fyllingen
- 2004: Fyllingen
- 2005: Fyllingen
- 2006: Fyllingen
- 2007: Askøy
- 2008: Askøy, nr. 2 Fyllingen
- 2009: Fyllingen. nr. 2 Sotra

## PRAKTISK INFORMASJON ORDENSREGLAR PÅ SKULANE

Når laget kjem til tildelt klasserom, må bord og stolar stuast vekk inne i same rom. VIKTIG! Dei skal ikkje setjast ut på gangen, av omsyn til frie rømningsvegar i fall brann eller andre nødsituasjonar.

Alle må gjere seg kjend med rømningsvegar, nødutgangar, brannmeldarar og slukkeutstyr. Gå gjennom branninstruks og plukk ut felles samlingsplass i tilfelle ein nødsituasjon.

Det er strengt forbode å bruke open ild / røyking innendørs. Ver merksam på brannfaren ved grilling.

Det er ikkje tillatt med vannballongar på skulen sitt inne- og uteområde.

Den enkelte lagleiar er ansvarlig for at det er ro på romma i rimelig tid om kvelden.

Boss skal samlast i sekker (kan hentast ved vakta) og skal bringast til vakta.

Før avreise skal romma ryddast og kostast. Stolar og bord skal ryddast tilbake slik dei stod når de kom til rommet. Ingen lag drar frå skulen før klasserommet er inspisert/godkjend saman med vakta.

Legg ikkje igjen pengar, mobiltelefonar mp3-spelar/ipod og andre verdisaker på rommet!

Handballfestivalen er eit rusfritt arrangement.

Respekter elevane som som låner ut klasserommet sitt. La dei kome attende til eit like fint rom etter endt handballfestival.

Dersom brannalarmen går - forlat skulen straks. Lagleiar skal samla laget sitt utanfor skulen (på avtala samlingsplass eller ved flaggstang/på skuleplassen). Lagleiar er ansvarleg for oppteljing av sine lag og melder tilbake til vaktene.

## NB !! ALLE LAG MÅ PAKKA OG SJEKKA UT ROMMA SINE INNAN KL. 10 PÅ MÅNDAG

### LAGSFOTOGRAFERING

Fotografen er i Gamlehallen laurdag kl. 13-22, i Bordtennislokalene, sjå skilt. Laga vert oppfordra til å ta bileta når første kampen er avvikla. Dersom nokon ynskjer portrettbilde i tillegg, kan dei avtale dette direkte med fotografen (vert tatt på sunda-

gen og må betalast av laga sjølv). Bildene vert ettersendt til lag klubben fyrste veka etter festivalen

## SERVERING MAT I "TURNKASSEN"

Frukost og middag vert som vanleg servert i Turnkassen vegg i vegg med "Nye hallen". Fyljande opningstider vert det:

### Laurdag:

Frukost: 07:30-10:30  
Middag (Taco): 13:00-17:00

### Sundag:

Frukost: 07:30-10:30  
Middag (kjøtkaker): 13:00-17:00

### Måndag:

Frukost: 07:30-10:00  
Middag (kylling med ris):  
12:00-15:00

## TRANSPORT UNDER FESTIVALEN

Dei laga som bur på Hystad og Rommetveit skule kan tinga transport. Dette kan gjerast ved å ringja til sekretariat 53 40 09 90 i så god tid som mogleg.

## FØRSTEHJELP / SKADESTOVE

Førstehjelparane er stasjonert på ungdomskulen. Kontakt med lege eller tannlege skjer gjennom dei.

## PARKERING

Beste parkeringsplassen er ved Stord vg. skule - Saghaugen og ved Stord vg. skule - Vabakkjen. Det er også mogleg å parkera ved Biltilsynet, bak Stord Hotell og ved Stord Kulturhus. Ingen av desse plassane er meir enn 5 minuttar unna festivalområdet. Det er kun bilar med adgangskort som har løyve til å kjøra inn på festivalområde - dette bed me alle respektera. Dei med campingvogn må venda seg til sekretariat for tilvisning av plass.

Me bed alle respektera at Bjellandsvegen og område rundt brannstasjonen ikkje skal nyttast til pakering (hugs at brannbilane må ha fri utgang!)

# FRITIDSAKTIVITETAR

## LAURDAG 22.05.10

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 23:00  
Tog frå Leirvik skule, oppstilling frå kl 11:00  
avgang kl 11:30

Opning på torget kl 12:00  
Bading i Kulturhuset (påmelding i sekr.) kl 15:00 - 21:00  
Hesteridning ved Vikastemmo (andedammen)

kl 15:00 - 19:00

Kanopadling kl 15:00 - 19:00

Grillfest (skuleplassen ved ungdomskulen)

Varme Griller til bruk for deltakerene kl 19:30 - 23:00

Talentiade på Wartsilascenen kl 19:30 - 23:00

Funballz kl 12:00 - 19:00

## SUNDAG 23.05.10

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 23:00

Putekrig på bukk kl 08:00 - 24:00

Bading i Kulturhuset (påmelding i sekr.) kl 09:00 - 21:00

Hesteriding ved Vikastemmo kl 14:00 - 17:00

(Andedammen)

Kanopadling kl 12:00- 15:00

Konsert WARSTSILA SCENEN kl 21:30 - 23:00

Funballz kl 12:00 - 19:00

## MÅNDAG 24.05.10

Sanvollyballbanen står til disposisjon for deltakarane, bestilling av bane skjer i sekretariatet kl 08:00 - 17:00

Vi har  
**SALGSTELT**  
på Handball-  
festivalen

**sport 1**  
www.sport1.no

**Stord**

**Borggata, Leirvik**  
**Tlf. 53 40 31 80**



*Bu godt og rimeleg*

ALMÅS HOTELL  
Tlf. 53 40 99 99  
Kjøtteinsveien 60, 5400 Stord  
mail: post@almas-hotell.no  
www.almas-hotell.no

BU GODT PÅ STORD

*Grand Hotell*  
Stord

Grand Hotell Stord,  
hotellet i hjertet av  
Sunnhordland

Postboks 155 Telefon 53 40 96 00 E-mail: booking@grand-hotell.com  
Osen 5, 5401 Stord Telefax 53 40 96 01 Internett: www.grand-hotell.com

ALVO GANT HENRY CHOICE INWEAR JEAN PAUL  
MARIO CONTI PART TWO VICTORIA

VIC

Borggata 12, 5417 Stord, Tlf 53 41 03 22 Åpningstider: Man - Fre 9-18 Lør 9-15 - vic.no

STORD

onninen

www.onninen.no

SPAR   
HAGA

**DHL**  
EXPRESS  
**JETPAK**  
Stord

Amfi – Norges største senterfamilie

Velkommen til AMFI Stord  
med over 40 butikkar  
fordelt på ulike bransjar.



AMFI Stord spelar på lag  
med Stord-handballen, og vi  
håper det blir ein kjempe-  
flott handballfestival

**NB! Pinseftan ope: 10-16**

– På AMFI Stord  
er himmelen  
alltid blå!

AMFI  STORD

Ope: mån-fre 10-20 (Meny 9-20) • laur 10-18 (Meny 9-18) • amfi.no



SKL - Ein utfordrande  
og trygg arbeidsplass

I SKL har me som visjon å vera eit kraftsenter for  
framtidretta energiforsyning. For å greia det, er me  
avhengige av dyktige medarbeidarar. SKL kan tilby  
nyskapande, utfordrande og trygge arbeidsplassar.  
Hjå oss vil du jobba i eit konsern som er ny-skapande,  
samfunnsbevisst, kompetent og kundeorientert.

**SKL**  
Energi til utvikling

SKL er eit regionalt energikonsern. Med grunnlag i primæraktivitetane kraftproduksjon  
og overføring er det dei siste åra utvikla nye forretningsområde, mellom anna innan IKT,  
breiband og naturgass. Konsernet er i vekst og positiv utvikling, og me er i dag 140 tilsette.

www.skl.as